

### **Behandling i Fylkesutvalet - 08.12.2014**

Randi Asbjørnsen (Sml) fremma spørsmål om sin habilitet som styremedlem i Innovasjon Norge.

Randi Asbjørnsen gjekk frå under røystinga.

Randi Asbjørnsen blei samrøystes kjend inhabil etter forvaltningslova § 6.1.e.

12 voterande.

### **Samrøystes vedtak Fylkesutvalet - 08.12.2014**

- Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til Nærings- og Fiskeridepartementet sine ambisjonar om effektivisering av virkemiddelbruken, også Innovasjon Norges virkemidlar. I denne samanheng må det understrekast at ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå ein effektiv og målretta bruk av dei samla virkemidlane. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt.
- Eit fortsatt fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Norge er den viktigaste bærebjelken for å få til denne koordineringa. Mellom anna gjennom moglegheitene for bruk av utvida eigenregi ved kjøp av forvaltningstenester frå Innovasjon Norge. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at Innovasjon Norge blir vidareført som eit særlovselskap med dagens eigarstruktur (alternativ a). Fylkeskommunane vil i fellesskap vurdere organiseringa av eige eigarskap for å effektivisere styringa.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vil oppretthalde dagens formulering i lova om minimum 6 eigarrepresentantar i hovudstyret. Hovudstyret i Innovasjon Norge må omfatte breidda i næringsstrukturen og regional representasjon. Dette forholdet er meir vesentleg enn styrets størrelse isolert sett.
- Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg ikkje til Nærings- og Fiskeridepartementets forslag om å fjerne lovfestinga av regionale styre i lov om Innovasjon Norge. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at eigarane, saman med selskapet sitt styre og leiing, i fellesskap utviklar nye modellar/fullmakter for distriktskontora, også for dei regionale styra.
- Etter Møre og Romsdal fylkeskommune sitt syn er den desentraliserte modellen til Innovasjon Norge god. Det er etter vårt syn viktig med tett kontakt mellom Innovasjon Norge og næringslivet lokalt.
- Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at solidarisk ansvar blir avskaffa og at ansvaret blir tilsvarende reglane i lov om statsføretak/aksjelova. Dette betyr at ansvaret blir avgrensa til innskoten kapital.
- Endringa i lova kan ha som konsekvens at eigarane må tilføre selskapet ny eigenkapital. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det, før ein vedtek kapitalutviding i føretaksmøtet, blir gjort ein analyse av kapitalbehovet.
- Møre og Romsdal fylkeskommune er tydeleg på at kontora for innovasjon Norge i Møre og Romsdal skal ligge i Ålesund og Molde som i dag.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
12.11.2014	71978/2014	Frank Madsøy

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	02.12.2014
	Fylkesrådmannens tilråding	03.12.2014
	Fylkesutvalet	08.12.2014
	Fylkestinget	08.12.2014

## Endring i lov om Innovasjon Norge

### Bakgrunn

KS har tatt initiativ til felles høyringsuttale får fylkeskommunane i denne saka. Utgreiinga og vedtakspunkta har i stor grad same innhald som KS sitt forslag til felles uttale frå fylkeskommunane.

24.oktober 2014 la Nærings- og fiskeridepartementet fram eit høyringsforslag om «endringer i lov om Innovasjon Norge». Innovasjon Norge er eit særlovsselskap, dvs verksemda til Innovasjon Norge blir juridisk styrt av ei eiga lov – lov om Innovasjon Norge. Gjennom denne særlova er det formalisert ei avgrensing av departementet sin instruksjonsmynde i enkeltsaker, dette betyr og at departementet ikkje har rolle som klageinstans. Lov om Innovasjon Norge er i stor grad basert på statsføretaksmodellen.

Innovasjon Norge vart oppretta 1. januar 2004, ved at Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (SDN), Norges eksportråd, Norges Turistråd og Statens veiledningskontor for oppfinnere vart slått saman. Ved etableringa i 2004 var Innovasjon Norge eit helleigd statleg selskap under tidlegare Nærings- og handelsdepartementet.

Innovasjon Norge har i dag ein organisasjon beståande av 21 distrikts- og lokalkontor i Noreg og 34 utekontor i 29 land, i tillegg til hovudkontoret i Oslo. Kvart distriktskontor har eit regionalt styre som er oppnemnt av hovudstyret etter forslag frå ein regional valkomitè. Det er hovudstyret som avgjer kva fullmakter dei regionale styra skal ha til å ta avgjerder på styret sine vegne.

Delt eigarskap mellom staten og fylkeskommunane vart etablert som ein del av forvaltningsreforma frå 2010. Det rettslege grunnlaget vart tilrettelagt gjennom Ot.prp.nr 10 (2008-2009) om lov om endringer i forvaltningslovgivningen m.v. (gjennomføringa av forvaltningsreforma). Proposisjonen inneheldt forslag til lovendringar som var nødvendig for å overføre nye oppgåver til fylkeskommunane frå 2010 – blant desse lov om Innovasjon Norge.

Gjennom Innst. O.nr. 30 (2008-2009) Innstilling til Odelstinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen vart lov om Innovasjon Norge justert, og fylkeskommunane vart tatt inn som eigar frå og med 1.1.2010.

Om målsettinga med å ta inn fylkeskommunane som eigarar seier høyringsdokumentet mellom anna:

*«Målsetningen med å tillegge fylkeskommunene eierskap i tillegg til oppdragsgiverrollen var å styrke fylkeskommunenes strategiske og samordnende rolle. Fylkeskommunene skulle gis økt mulighet til å påvirke utformingen og innretningen av mål, strategier og prioriteringer for Innovasjon Norges virksomhet». Før 2010 var fylkeskommunen oppdragsgivar til Innovasjon Norge, men altså ikkje eigar.*

Fylkeskommunane fekk gjennom eigarskap til Innovasjon Norge auka påverknad på regional- og næringspolitikken gjennom eigarskap til ein betydeleg aktør i det offentlege virkemiddelapparatet.

Fylkeskommunane kan gjennom eigarskapet utøve rolla som regional utviklar og løfte regionale problemstillingar og moglegheiter opp på ein nasjonal arena.

Fylkeskommunane sin medråderett er regulert i fleire omfattande dokument som omhandlar eigarskap og drift av selskapet. Stortinget la til grunn at fylkeskommunane skulle ha høve til å utøve eit aktivt og likeverdig eigarskap. Innverknad over val til styret er vesentleg i denne samanheng.

#### **Bakgrunnen for høyringa:**

Om bakgrunnen for å sende denne lovendringsa ut no, seier Regjeringa følgjande:

*«Regjeringen foretar en gjennomgang av organiseringen av Innovasjon Norge. Formålet med gjennomgangen er å bidra til å videreutvikle Innovasjon Norge til en mer effektiv virkemiddelaktør som er enklere å forholde seg til for kundene. Denne høringen er resultatet av vurderinger av dagens eierstruktur i selskapet, alternative selskapsformer og hvordan loven videre bør legge rammene for styringen av selskapet og selskapets virksomhet.» .....*

*«Departementet foreslår å gjøre enkelte endringer i lov om Innovasjon Norge for å gi bedre rammer for eierstyringen, for forvaltningen av selskapet og for utviklingen av Innovasjon Norge som organisasjon. Styret i selskapet bør ha handlingsrom til å innrette kundekontakt, saksbehandling og beslutningssystem til det beste for etablerere, bedrifter, innovasjons- og næringsmiljøer og selskapets måloppnåelse. Det vil være god bruk av samfunnets ressurser at vi i større grad får tatt i bruk den kompetansen som ligger i styret til å forvalte selskapet.».....*

*«God eierstyring er avhengig av at det er klarhet i ansvarsforholdene mellom eier, styre og ledelse. Dette oppnås blant annet ved å overlate reell beslutningskompetanse til styret når det gjelder innretningen av virksomheten. Dette tilsier fjerning av dagens detaljerte føringer i loven om tilstedeværelse og intern beslutningsstruktur. Samtidig som styrets handlingsrom øker, legges det opp til at selskapet i større grad blir ansvarlig for egne forpliktelser.».....*

*«God eierstyring er også avhengig av en kompetent og operativ eieroppfølging og klarhet i eieransvaret. Dagens struktur hvor staten har 51 prosent eierskap og hver av fylkeskommunene og Oslo kommune (heretter kalt fylkeskommunene) eier 2,6 prosent, er en ressurskrevende ramme for den jevnlige eieroppfølgingen. Strukturen betinger mye koordinering mellom eierne og i ytterste konsekvens, behandling i 20 politisk styrte organisasjoner. Uklare ansvarsforhold i eierstyringen og omfattende prosessuelle krav kan gi utfordringer i gjennomføringen av den operative eierforvaltningen»*

I denne saka er følgjande endringsforslag vesentlege:

1. Eigarskap, der det er 3 alternative forslag til vurdering:
  - a) Behalde eigarstrukturen vi har i dag, med 20 eigarar der staten eig 51 prosent og fylkeskommunane eig 2,6 prosent kvar.
  - b) Delt eigarskap med 3 eigarar. Staten vil her eige 51 prosent og 2 fylkeskommunar eig kvar 24,5 prosent
  - c) Endre eigarskapet til reint statleg eigarskap der staten eig selskapet 100 prosent.
2. Dei regionale styra  
Høyringsdokumentet seier at selskapet bør ha større handlingsrom for organisering av kontorstruktur og for selskapets interne beslutnings- og fullmaktstruktur. Departementet tilrår at regelen om at selskapet skal ha regionale styrer blir tatt ut av lova.
3. Endre loven med omsyn til solidarisk ansvar / kapitalinnskot  
Departementet foreslår at regelen om eigarane sitt solidariske ansvar fell bort, selskapet blir då ansvarleg for selskapets forpliktelsar. Denne lovendringa vil kunne ha som konsekvens at eigarane må skyte inn meir kapital i selskapet. Selskapskapitalen i dag består av 19,6 mill. kroner som er innskot frå eigarane, og mellom 30 og 40 mill. kroner frå selskapa som vart fusjonert inn til innovasjon Norge i 2004.
4. Redusere minimumstalet på medlemmer i hovudstyret  
Reglane for Innovasjon Norge i dag seier at selskapet skal ha eit hovudstyre på minst 6 medlemmer. Ved behandling av administrative saker vert styret utvida med ytterlegare 2 representantar valt av og blant dei tilsette. Departementet foreslår at minstetalet for eigaroppnemnte representantar vert redusert til 5.

### **Vurdering**

Fylkeskommunane har to klart definerte, men ulike roller overfor Innovasjon Norge, dette er:

- Eigarrolle
- Oppdragsgivarrolle

Eigarrollen er knytt til eigarskapet, og her er det formelle arenaer fylkeskommunane som eigarar er forplikta å delta på, dette gjeld i hovudsak føretaksmøtet og eigarmøter. Dette er regulert gjennom lov om Innovasjon Norge, vedtektene og eigaravtalen. Fylkeskommunane skal utover dette ivareta og utøve sitt eigarskap gjennom selskapets hovudstyre. Det er hovudstyret som er eigarane sitt utøvande organ.

Oppdragsgivarrollen er i hovudsak knytt til den enkelte fylkeskommune sin bruk av Innovasjon Norge som forvaltar av dei regionale utviklingsmidlane over statsbudsjettet kapitel 13.50 post 60 (og 61). Rolla som oppdragsgivar må ikkje blandast saman med eigarrollen. I eigenskap av å vere oppdragsgivar deltar fylkeskommunane i dei årlege møta i samarbeidsforumet. På denne arenaen kan fylkeskommunane saman med dei enkelte oppdragsgivardepartementa diskutere og fremme framtidige satsingar av næringspolitisk karakter med både regionalt og nasjonalt perspektiv.

Innovasjon Norge er staten og fylkeskommunane sitt verkemiddel for å realisere verdiskaping og fremme næringsutvikling. For fylkeskommunane er Innovasjon Norge ein sentral aktør i det regionale utviklingsarbeidet og deltakar i det regionale partnerskapet for verdiskaping. Dei regionale planane som partnerskapet legg føringar for, vil og vere styrande for Innovasjon Norge sine prioriteringar på strategisk nivå.

Fylkeskommunane sin eigarskap vert ivaretatt gjennom ei eigargruppe underlagt fylkesordførar/rådsleiarkollegiets arbeidsutval. Oppretting av eigargruppa har forenkla eigarstyringa. Men det er framleis eit potensiale for forbetringar når det gjeld handteringa av det felles eigarskapet både frå staten si side og frå fylkeskommunane si side

#### Effektivisering av Innovasjon Norge

Det er behov for ein gjennomgang av Innovasjon Norge for å vurdere aktuelle tiltak for effektivisering av selskapet. Departementet meiner at selskapet er avhengig av god og kompetent eigarstyring. Effektivisering må i denne samanheng sjåast langs 2 aksar, både som ei generell effektivisering i selskapet (auke den delen av tida som blir brukt til kundekontakt) og ein meir effektiv distribusjon av selskapet sine virkemidlar.

Effektiv virkemiddelbruk, inklusiv virkemidla til Innovasjon Norge bør vere til vurdering regelmessig. I denne samanhengen vil vi framheve at ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå effektiv og målretta bruk av dei samla virkemidlane, dette gjeld både nasjonalt og regionalt.

#### Effekten av dagens eigarskap

Dagens eigarskap har styrka mulighetene for regional koordinering med tanke på å oppnå effektiv og målretta bruk av dei samla virkemidlane.

Eit fortsatt fylkeskommunalt eigarskap til Innovasjon Norge er viktig for å få å få ei god koordinering av næringsretta virkemiddel. Vi legg til grunn at Innovasjon Norge blir vidareført som eit særlovselskap med dagens eigarstruktur (alternativ a). Fylkeskommunane må då i fellesskap vurdere organiseringa av eige eigarskap for å effektivisere styringa.

#### Eigarskapet

I utgangspunktet ser vi ikkje at det er grunnleggande forhold som tilseier ei endring i eigarstrukturen i Innovasjon Norge. Ein ser derfor liten grunn til å gje gjennomgåande kommentarar til dei enkelte forslaga, men vi har likevel følgjande generelle vurderingar:

Alternativet med staten som eigar saman med to fylkeskommunar, der staten eig 51 prosent og dei to fylkeskommunane deler dei resterende 49 prosent framstår som eit lite prinsipielt og gjennomtenkt forslag. Dette forslaget medfører store koordineringsproblem mellom dei to eigarfylkeskommunane og dei andre fylkeskommunane. Kva gevinstar dette skal utløyse er vanskeleg å sjå.

Forslaget med staten som 100 prosent eigar blir fremma for å effektivisere styringa av selskapet. Gevinstane ein oppnår med dette vil, slik vi ser det, ikkje vere omfattande. Effektiviseringsgevinstar må ein finne i den operative og organisatoriske innretninga av selskapet meir enn i eigarskapet.

For fylkeskommunane er eigarskap til Innovasjon Norge strategisk viktig med tanke på å vere med på å utforme innretninga på Innovasjon Norge over tid. For Innovasjon Norge vil det vere nyttig å få innspel frå fylkeskommunane, når virkemidla skal tilpassast dei ulike utfordringane ein har rundt i landet.

#### Dei regionale styra

Departementet foreslår at regelen om at selskapet skal ha regionale styrer vert oppheva. Desse styra var tiltenkt ein viktig funksjon regionalt som arena for strategisk drøfting av innovasjon og virkemiddelbruk sidan næringslivet lokalt er direkte representert. Vi vil understreke at desse styra har vore viktige regionalt, lokalkunnskap og nærleik til det regionale næringslivet er viktige forhold som ikkje må undervurderast. Vi trur kontakten med det regionale næringslivet gjennom dei regionale styra utgjør nyttig beslutningskompetanse for Innovasjon Norge.

Vi kan ikkje sjå at fjerning av dei regionale styra vil gje store effektiviseringsgevinstar. Dette handlar meir om korleis selskapet utnyttar dei regionale styra og den betydelege kompetansen desse representerer, samt dei fullmakter som desse styra blir tildelt.

#### Lokal forankring

Møre og Romsdal har eige distriktskontor med kontorstad både i Molde og Ålesund. Dette gjer at det er god kontakt mellom næringslivet i fylket og Innovasjon Norge. Kontoret i Møre og Romsdal er det distriktskontoret i landet, som i særklasse har størst aktivitet med tanke på å formidle lån og tilskot til næringslivet. Innovasjon Norge er viktig for Møre og Romsdal som distriktsfylke, Møre og Romsdal fylkeskommune er den fylkeskommunen som overfører størst andel av dei regionale utviklingsmidlane til distriktsretta næringsstøtte til bedriftene forvalta av Innovasjon Norge. Møre og Romsdal er og eit eksportfylke, Innovasjon Norge og er ein viktig formidlar av kompetanse om viktige eksportmarknader. Nærleik mellom Innovasjon Norge og bedriftene er viktig for at dei ulike virkemidla skal bli nytta fullt ut. Ein desentralisert struktur på Innovasjon Norge også i framtida, vil vere viktig for å oppretthalde den tette kontakten vi har mellom Innovasjon Norge og det lokale næringslivet i dag.

#### Endring av lova knytt til solidarisk ansvar

Departementet foreslår endringar i lova som vil avskaffe det solidariske ansvaret og legg opp til at ansvaret vert avgrensa til innskoten kapital, tilsvarande lov om statsføretak/aksjeselskap.

Denne lovendringa betyr at det solidariske ansvaret som fylkeskommunane og staten har gjennom sitt eigarskap fell bort. Denne endringa fritar staten og fylkeskommunane ansvaret for å dekke eventuelle driftsunderskot i Innovasjon Norge. Endringa medfører altså at staten og fylkeskommunane etter lovendringa, ikkje er ansvarleg for meir enn kapital som er skote inn i selskapet.

Denne lovendringa kan ha som konsekvens at eigarane må tilføre selskapet meir eigenkapital. Ein legg til grunn at den administrative fylkeskommunale eigargruppa i samarbeid med ordførar-/rådsleiarkollegiets AU legg rammer og tidsplanar for ei eventuell utviding av eigenkapitalen. Ei eventuell utviding av eigenkapitalen vert då fremma som eiga sak for den enkelte fylkeskommune. Ein legg til grunn at det blir gjort ei grundig analyse av kapitalbehovet som grunnlag før vedtak om kapitalutviding vert gjort.

### **Forslag til vedtak:**

- Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg til Nærings- og Fiskeridepartementet sine ambisjonar om effektivisering av virkemiddelbruken, også Innovasjon Norges virkemidlar. I denne samanheng må det understrekast at ei heilskapleg regional koordinering er vesentleg for å oppnå ein effektiv og målretta bruk av dei samla virkemidlane. Dette gjeld både nasjonalt og regionalt.
- Eit fortsatt fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Norge er den viktigaste bærebjelken for å få til denne koordineringa. Mellom anna gjennom moglegheitene for bruk av utvida eigenregi ved kjøp av forvaltningstenester frå Innovasjon Norge. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at Innovasjon Norge blir vidareført som eit særlovselskap med dagens eigarstruktur (alternativ a). Fylkeskommunane vil i fellesskap vurdere organiseringa av eige eigarskap for å effektivisere styringa.
- Møre og Romsdal fylkeskommune vil oppretthalde dagens formulering i lova om minimum 6 eigarrepresentantar i hovudstyret. Hovudstyret i Innovasjon Norge må omfatte breidda i næringsstrukturen og regional representasjon. Dette forholdet er meir vesentleg enn styrets størrelse isolert sett.
- Møre og Romsdal fylkeskommune sluttar seg ikkje til Nærings- og Fiskeridepartementets forslag om å fjerne lovfestinga av regionale styre i lov om Innovasjon Norge. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at eigarane, saman med selskapet sitt styre og leing, i fellesskap utviklar nye modellar/fullmakter for distriktskontora, også for dei regionale styra.
- Etter Møre og Romsdal fylkeskommune sitt syn er den desentraliserte modellen til Innovasjon Norge god. Det er etter vårt syn viktig med tett kontakt mellom Innovasjon Norge og næringslivet lokalt.
- Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at solidarisk ansvar blir avskaffa og at ansvaret blir tilsvarande reglane i lov om statsføretak/aksjelova. Dette betyr at ansvaret blir avgrensa til innskoten kapital.
- Endringa i lova kan ha som konsekvens at eigarane må tilføre selskapet ny eigenkapital. Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det, før ein vedtek kapitalutviding i føretaksmøtet, blir gjort ein analyse av kapitalbehovet.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Bergljot Landstad  
regional- og næringsssjef